



## Stad for vigslе og bøn for borgarleg inngått ekteskap

Molde 13. februar 2017

Ekteskapsinngåing er feiring av kjærleik og samliv. I Møre bispedømme er det mange vakre kyrkjer. Kyrkja formidlar identitet, liturgi og historie som alltid gir ei flott ramme til feiring. Kyrkjerommet med utforming, inventar og utstyr, er retta inn for å gi alle som er samla ei oppleving som understrekar og forsterkar livshendingane. I kyrkja er det etablert ei fast ordning for organistteneste, for presteteneste og for kyrkjetenar. Alle medlemmer i Den norske kyrkja har rett til å bli vigd utan kostnader i soknekyrkja der ein er busett.

Ein av målformuleringane i planverket for Møre Bispedømme er at det skal vere god kvalitet på kyrkjelege vigsler. Ei vigsle er ei gudstenestleg handling, og når det er ønskjeleg med teneste etter kyrkja sine ordningar utanfor kyrkje og kyrkjerom, så har Møre biskop, for å sikre kvalitet på kyrkjelege vigsler, bestemt følgjande:

- 1) at det er plass og rom slik at handlinga kan gjennomførast på verdig vis
  - 2) at handlinga kan gjennomførast uavhengig av værtilhøve, eller ha ei sikker alternativ lokalisering
  - 3) at rekvirent har ansvar for å ordne lokalitetar, innreie rommet/staden og lage til altår og høve til å knele. Altaret skal ha kristne symbol og godkjennast av forrettande prest.
  - 4) at staden skal bli tilrådd av sokneprest og godkjent av prost i prostiet der handlinga blir søkt gjennomført. Dersom sokneprest og prost vurderer ulikt, gir begge si tilråding og sender saka til biskop for godkjenning. Om staden alt er godkjent, lyt likevel prest/prost vurdere vigsla ut frå tilgjengelege ressursar.
  - 5) at vigselstad er lokalisert i presten sitt tenestedistrikt og er tilgjengeleg med bil/offentleg kommunikasjon. Andre reisekostnader må dekkast av rekvirent.
  - 6) at medgått tid (reise og gjennomføringstid ) ikkje fører til auke i vikarkostnader.
- *Om presten forrettar vigsla i eiga fritid, gjeld ikkje regelen i pk. 5 og 6. Ved slike høve dekkar rekvirenten presten sine reisekostnader og gir honorar etter avtaleverket sin faste sats for vigsle.*
  - *Møre biskop understrekar at skissert ordning gjeld for val av stad for vigsle. Ordninga gjeld ikkje medverknad av andre enn prest. Rekvirent lyt sjølv gjere avale om medverknad av andre kyrkjelege medarbeidarar.*